

# MANIFEST MOT MOBBING 2009–2010

---

– eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø





## FØREORD

Alle barn fortener ein bra start i livet. I dag er det for mange barn og unge som opplever mobbing. Barnehage, skule, SFO og fritidsmiljø skal vere trygge arenaer for barn og ungdom. Dei vaksne har ansvar for å syte for denne tryggleiken.

Gjennom Manifest mot mobbing forpliktar mange viktige partar seg til å førebyggje og få bukt med mobbing. Sidan Manifestarbeidet starta i 2002, har partane medverka til auka medvit om mobbing, fokus på eit godt og inkluderande lærings- og oppvekstmiljø for barn og unge og tiltak mot mobbing.


Vi ser at innsatsen gjev resultat. Der det blir satsa systematisk på å få bukt med mobbing, blir det betre. Likevel er vi langt unna målet om at ingen skal oppleve mobbing, og at alle skal kjenne seg trygge på skulen og skulevegen. Derfor held vi fram med arbeidet og stadfestar det vi har forplikta oss til, i Manifest mot mobbing.

Mobbing er krenkjande, gjer ein utrygg og kan øydeleggje sjølvtilitt. Mobbing finst i ulike former. I dag opplever mange at Internett og mobiltelefonbruk gjev nye arenaer for mobbing, trakassering og utestenging. Det er viktig å arbeide mot dette, gjennom arbeid for nettvett og ved å gjere barn og unge medvitne om konsekvensane av å mobbe. Vi må følgje med i utviklinga og syte for at vi gjer det som verkar, og som gjev resultat. Same kva form og arena mobbinga har, er verknaden den same for den som blir mobba. Vi må derfor kjempe mot alle former for mobbing.

Vi har alle eit ansvar for å førebyggje og få bukt med mobbing, som medmenneske og samfunnsdeltakarar. Med dette manifestet inviterer vi til fornya og felles innsats. Vi forpliktar oss til å gjere det som står i vår makt for at alle barn skal ha det bra i barnehagen, på skulen og i fritida. Barn skal få ha ein barndom utan mobbing.

Vi veit at innsats nyttar. No held vi fram med arbeidet.

Jens Stoltenberg  
Statsminister



# MANIFEST MOT MOBBING 2009–2010

– eit forpliktande samarbeid for eit godt  
og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø

**Vi, regjeringa Stoltenberg, KS, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Skolenes landsforbund og Foreldreutvalet for grunnopplæringa, forpliktar oss til å arbeide for at alle barn og unge har eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.**

**Barn og unge skal ikkje bli utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utestenging.**

Den viktigaste innsatsen mot mobbing må skje der barn og unge er. Vi er derfor opptekne av å motivere og hjelpe til i den lokale og regionale innsatsen mot mobbing.

## MÅLA VÅRE:

*Barn og unge skal ha eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring*

*Barn og unge skal få oppfylt rettane sine til medverknad og medråderett i barnehage, skule og fritid*

*Alle skal medverke til godt samarbeid til beste for barn og unge, og foreldre og føresette må sikrast medverknad og medråderett*

*Vaksne skal vite at dei har eit ansvar for at barn og unge blir inkluderte i gode oppvekst- og læringsmiljø*

*Vaksne skal opptre som tydelege vaksne og vere gode rollemodellar overfor barn og unge*

*Alle som har ansvar for barn og unge, skal ha gode dugleikar i førebygging og handtering av mobbing*

*Alle som arbeider med barn og unge, skal ha gode dugleikar i verdi- og haldningsskapande arbeid blant barn, unge og vaksne*



KS  
Halvdan Skard



Utdanningsforbundet  
Helga Hjetland



Foreldreutvalget for grunnopplæringa  
Loveleen Rihel Brenna



Fagforbundet  
Jan Davidsen



Jens Stoltenberg  
Statsminister



Skolenes landsforbund  
Stein Grøtting



## LOVGRUNNLAGET FOR RETTEN TIL ET OPPVEKST- OG LÆRINGSMILJØ UTEN MOBBING

**FNs barnekonvensjon** omhandlar blant anna retten barnet har til utvikling, medverknad, ikkje-diskriminering, omsorg, vern og sjølvrealisering. Det blir særleg peika på utvikling av respekt for personlegdomen, den kulturelle identiteten, språket og verdiane barnet har. Mobbing kan hemme ei slik utvikling. FNs barnekonvensjon er gjort til norsk lov gjennom menneskerettslova.

**Barnehagelova § 2, tredje ledd**, slår fast at omsorg, oppseding og læring i barnehagen skal fremje menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling. Barnehagen skal gje barn høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgjevnader.


**Barnehagelova § 3** gjev barn rett til medverknad. Forskrifta **rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver** utdjuvar ansvaret personalet har for omsorgs- og læringsmiljøet for barna og for å fremje positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald. Barnehagen skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar møtest i respekt for det som er forskjellig. Barnehagen har eit særleg ansvar for å førebyggje vanskar og å oppdage barn med særskilde behov. Rammeplanen legg vekt på språkleg og sosial kompetanse som grunnlag for at barna kan delta aktivt i fellesskapet.

**Opplæringslova kapittel 9a og prinsipp for opplæringa** slår fast at alle elevar i grunnskular, vidaregåande skular og skulefritidsordning (SFO) har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Alle som arbeider i skulen og skulefritidsordning, pliktar å syte for at elevane ikkje blir utsette for sjikane gjennom krenkjande ord og handlingar som mobbing, vald, rasisme og diskriminering. Dersom ein tilsett i skulen eller skulefritidsordninga får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for slike krenkjande ord eller handlingar, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er naudsynt og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Opplæringslova gjev elevar og foreldre stor grad av brukarmedverknad og klagerett. Opplæringslova § 11-1a og § 11-5a gjev reglar om oppretting av skulemiljøutval i grunnskule og vidaregåande skule. Skuleeigar (kommunar og fylkeskommunar) har plikt til å syte for at det blir fastsett eit ordensreglement for den enkelte grunnskule eller vidaregåande skule, jf. opplæringslova §§ 2–9 og 3–7. Prinsipp for opplæringa legg vekt på skulen sitt ansvar for å utvikle den sosiale kompetansen til elevane, bl.a. ved at dei får øve seg i ulike former for samhandling og problem- og konflikthandtering.

**Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv.** har som føremål å medverke til at miljøet i barnehagar, skular og visse andre verksemder fremjar helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold – og dessutan førebyggjer sjukdom og skade. Reglane i forskrifta skal brukast ved planlegging, tilrettelegging og drift av verksemda, jf. forskrifta § 2. **Forskrift om det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjons- og skulehelsetenesta i kommunane** har som føremål å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggje sjukdom og skadar. Forskrifta § 2-3 slår fast at tilbodet frå helsestasjons- og skulehelsetenesta skal omfatte førebyggjande psykososialt arbeid og samarbeid med skulen om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar.

Det er også forbod mot trakassering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion, livssyn mv. i lowerket mot diskriminering; **likestillingslova § 8a, diskriminerings- og tilgjengelegheitslova § 6 og diskrimineringslova § 5**. I tillegg slår likestillingslova § 8a fast at det ikkje er tillate å utsetje ein annan for seksuell trakassering. Arbeidsgjevarar og leiinga i organisasjonar eller utdanningsinstitusjonar har ansvar for å førebyggje og prøve å hindre trakassering innanfor sine ansvarsområde.





## TILTAK

Manifestpartane vil følgje opp arbeidet frå dei første manifestperiodane, og vil i fellesskap arbeide for at lovreglane på området blir følgde opp. Manifestpartane har ulike roller og ulike arbeidsfelt. Partane forpliktar seg til å arbeide saman og kvar for seg mot det same målet.

Tiltaka i manifestet vil så langt det er mogleg vere basert på kunnskap om kva som verkar. Partane vil arbeide for eit betra kunnskapsgrunnlag om mobbing, blant anna gjennom forskning.

Manifestpartane vil arbeide for at ingen barn og unge skal utsetjast for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, diskriminering eller utestenging. Partane skal leggje vekt på å hindre trakassering og krenkingar på grunn av kjønn og seksuell orientering.

Digitale medium er ein viktig del av kvardagen for barn og unge. Mange opplever mobbing og trakassering via mobiltelefon og Internett. Manifestpartane vil arbeide for at barn og unge ikkje blir utsette for denne forma for mobbing.

Det viktigaste arbeidet og engasjementet mot mobbing og for eit godt oppvekst- og læringsmiljø må skje der barn og unge er. Eit godt oppvekst- og læringsmiljø føreset at det enkelte barnet, ungdommen og dei vaksne blir møtte med respekt. Partane er derfor opptekne av å motivere og hjelpe til i den lokale innsatsen mot mobbing. Partane vil også oppmuntre lokalsamfunnet til å forplikte seg til vidare innsats mot mobbing.

Manifestpartane vil spreie informasjon og materiell om førebygging og handtering av mobbing.



## Tiltak for barn og unge i skule og skulefritidsordning

1. hente inn røynsler med uavhengige kontrollutval og ombod for elevar i Noreg og nordiske land, for å vurdere om det bør opprettast eit sentralt elevombod
2. støtte implementeringa av tiltak og program med dokumentert effekt for arbeidet med læringsmiljøet og mobbing
3. gjennomføre ei forskingsbasert utvalsundersøking for å få eit betre bilete av kva som ligg attom tala i Elevundersøkinga om førekomst av mobbing og diskriminering
4. gjennomføre nasjonalt tilsyn med skular og skoleeigarar om etterlevinga av opplæringslova kapittel 9a om psykososialt læringsmiljø
5. samle og spreie kunnskap om korleis skulane kan arbeide for å skape gode læringsmiljø gjennom blant anna Program for inkluderande lærings- og oppvekstmiljø
6. leggje vekt på kunnskap om læringsmiljø i skuleleiarutdanninga og lærarutdanninga
7. utarbeide og spreie rettleiingsmateriell om kjønnsrelatert mobbing
8. forsterke innsatsen i arbeidet med dei utfordringane som digitale medium medverkar til, blant anna gjennom informasjon, rettleiing og kurs
9. implementere "Psykisk helse i skulen"
10. spreie informasjon til tilsette og føresette om barns psykiske helse
11. medverke til at tilsette på skular og skulefritidsordningar har kompetanse i og planar for arbeidet mot mobbing
12. leggje til rette for kurs/skolering og spreie informasjon om arbeidet mot mobbing
13. tydeleggjere ansvaret knytt til arbeidet mot mobbing gjennom diskusjonar om yrkesetiske problemstillingar
14. revidere og distribuere rettleiingsmateriell om skulemiljøutval

## Tiltak for barn i barnehagen

15. spreie informasjon til tilsette i barnehage om barns psykiske helse
16. leggje vekt på lærings- og omsorgsmiljø ved å følgje opp rammeplan for innhaldet og oppgåvene i barnehagen
17. medverke til at tilsette i barnehagar har kompetanse i og planar for arbeidet mot mobbing
18. leggje til rette for kurs/skolering og spreie informasjon om arbeidet mot mobbing
19. medverke til å tydeleggjere ansvaret knytt til arbeidet mot mobbing gjennom diskusjonar om yrkesetiske problemstillingar

## Tiltak for barn og unge i organiserte fritidsmiljø

20. tydeleggjere ansvaret knytt til arbeid mot mobbing overfor tilsette og tillitsvalde i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane og fritidsklubbar gjennom dialog og kompetanseheving
21. følgje opp forskings- og utviklingsarbeid om sosial kompetanse
22. medverke til eit aktivt inkluderingsarbeid og skape møteplassar og konferansar om oppvekstmiljø for barn og unge
23. medverke til å få bukt med mobbing og trakassering via digitale medium og kjønnsrelatert mobbing gjennom informasjons- og haldningsskapande arbeid

### Tiltak for helsestasjon og skulehelsetenesta





24. mobilisere helsestasjons- og skulehelsetenesta som ein sentral samarbeidspart for skulane og barnehagane i arbeidet med å skape eit godt psykososialt læringsmiljø

### Tiltak for foreldre og føresette

25. spreie informasjon til foreldre og føresette med barn i barnehage og skule om barns psykiske helse
26. medverke til å avklare forventingar og fellesansvar mellom heim og skule blant anna gjennom foreldremøte og nettverksgrupper
27. styrkje samarbeidet mellom barnehagen og foreldra for å fremje eit godt barnemiljø
28. halde føredrag om foreldre og føresette sine oppgåver og ansvar for å få bukt med mobbing
29. gje råd og hjelp til foreldre og føresette på e-post og telefon

### Tiltak for kommunar og fylkeskommunar

30. hjelpe til med vidareutvikling av verktøy for arbeidsgjevarstrategi
31. drive prosjekt for kvalitetsutvikling på helse- og omsorgsområdet
32. kartleggje kva kommunar og fylkeskommunar treng for å utvikle eigne kvalitets- og styringssystem, og gje tilbod om støtte
33. stimulere til god etisk standard i kommunesektoren, blant anna gjennom regionale kurstilbod
34. utforme tiltak til Kvalitetskommuneprogrammet slik at arbeid mot mobbing i oppvekstsektoren blir inkludert i programmet
35. systematisere og formidle kunnskap om inkluderingsarbeidet til skuleeigarane, blant anna i Kvalitetskommuneprogrammet





## HOVUDANSVARLEGE FOR TILTAK

### Barne- og likestillingsdepartementet

Ansvarleg for tiltak nr. 20, 21, 22, 23

### Fagforbundet

Ansvarleg for tiltak nr. 11, 12, 13, 17, 18, 19, 22, 34

### FUG (Foreldreutvalet for grunnopplæringa)

Ansvarleg for tiltak nr. 5, 14, 26, 28, 29

### Helse- og omsorgsdepartementet/Helsedirektoratet

Ansvarleg for tiltak nr. 2, 9, 10, 15, 24, 25

### KS

Ansvarleg for tiltak nr. 30, 31, 32, 33, 35

### Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet


Ansvarleg for tiltak nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 10, 11, 14, 16, 27

### Skolenes landsforbund

Ansvarleg for tiltak nr. 8, 11, 12, 13, 26, 34

### Utdanningsforbundet

Ansvarleg for tiltak nr. 8, 11, 12, 13, 17, 18, 19, 26, 27, 34



## REFERANSAR:

### Lover, forskrifter og regelverk:

*FNs barnekonvensjon*

*Barnehagelova*

*Opplæringslova*

*Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova*

*Diskrimineringslova*

*Likestillingslova*

*Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver*






*Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv.*



*Forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid*

*i helsestasjons- og skulehelsetenesta*

*www.lovdatab.no*

*Prinsipp for opplæringa - www.utdanningsdirektoratet.no*





#### BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep.,  
0030 Oslo  
Telefon: 22 24 90 90  
E-post: [postmottak@bld.dep.no](mailto:postmottak@bld.dep.no)  
Nettside: [www.regjeringen.no/bld](http://www.regjeringen.no/bld)



#### KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.,  
0032 Oslo  
Telefon: 22 24 90 90  
E-post: [postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)  
Nettside: [www.regjeringen.no/kd](http://www.regjeringen.no/kd)



#### HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep.,  
0030 Oslo  
Telefon: 22 24 90 90  
E-post: [postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)  
Nettside: [www.regjeringen.no/hod](http://www.regjeringen.no/hod)



#### Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet  
Postboks 2924 Tøyen,  
0608 Oslo  
Telefon: 23 30 12 00  
E-post: [post@utdanningsdirektoratet.no](mailto:post@utdanningsdirektoratet.no)  
Nettside: [www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)



#### Helsedirektoratet

Helsedirektoratet  
Postboks 7000 St. Olavs plass  
0130 Oslo  
Telefon: 810 200 50  
E-post: [postmottak@helsedirektoratet.no](mailto:postmottak@helsedirektoratet.no)  
Nettside: [www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)



#### UTDANNINGS FORBUNDET

Utdanningsforbundet  
Postboks 9191 Grønland,  
0134 Oslo  
Telefon: 24 14 20 00  
E-post: [post@utdanningsforbundet.no](mailto:post@utdanningsforbundet.no)  
Nettside: [www.utdanningsforbundet.no](http://www.utdanningsforbundet.no)



KS  
Postboks 1378 Vika,  
0114 Oslo  
Telefon: 24 13 26 00  
E-post: [ks@ks.no](mailto:ks@ks.no)  
Nettside: [www.ks.no](http://www.ks.no)



Foreldreutvalet for grunnopplæringa  
Postboks 8119 Dep.,  
0032 Oslo  
Telefon: 22 24 75 63  
E-post: [post@fug.no](mailto:post@fug.no)  
Nettside: [www.fug.no](http://www.fug.no)



#### FAGFORBUNDET

Fagforbundet  
Boks 7003 St. Olavs plass  
0130 Oslo  
Telefon: 23 06 40 00  
E-post: [servicetorget@fagforbundet.no](mailto:servicetorget@fagforbundet.no)  
Nettside: [www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no)



Skolenes landsforbund  
Boks 8783 Youngstorget  
0028 Oslo  
Telefon: 23 06 13 62  
E-post: [skolenes@skolenes.no](mailto:skolenes@skolenes.no)  
Nettside: [www.skoleneslandsforbund.no](http://www.skoleneslandsforbund.no)